



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjeverja i Eid

Vår ref: kh

Dykkar ref:

Arkiv:

Dato 14.06.17

### **Høyring av forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte – høyringssvar frå Eid Kyrkjelege Fellestråd, Eid sokneråd, Stårheim sokneråd og Kjølsdalen sokneråd**

Vedlegg: - Forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte frå Kyrkjerådet.

- Høyringsnotat til ovannemnde frå Kyrkjerådet

Kyrkjelova fastset korleis dei ovannemnde organa skal vere samansette, og kven som skal velje dei ulike representantane. Sjølv om forslaget til nye valreglar også kjem inn på dette må evt. endringar i organa si samansetting og kven som skal velje representantane ligge til framtidig revisjon av Kyrkjelova. Tema i denne omgang er korleis nominasjon og val skal gjennomførast.

Dei 4 ovannemnde organa har gjeve følgjande høyringssvar:

*Vi er samde i Kyrkjerådet sitt framlegg om å slå saman/samordne reglene for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte.*

#### 2.1 Direkteval eller kombinasjonsval til bispedømeråd og Kyrkjemøte

I utgangspunktet er direkte val til alle organ den ordninga som best ivaretek prinsippet om «eit medlem – ei stemme». Dette medfører likevel at folkerike område får størst påverknad på valresultatet. Dette vil vere særleg merkbart i bispedøme med der ein har ein dominerande bykommune og mange som er langt mindre, t.d. Bjørgvin og Nidaros. Her vil truleg ynskje om kombinasjonsval vere sterkare fordi sokneråda, som er grunneininga i kyrkja, får høvesvis sterkare påverknad på samansettinga av bispedømeråd og Kyrkjemøte.

Dersom det berre er eit listeforslag vil kombinasjonsval vere kurrant å gjennomføre. Dersom det derimot er fleire lister, og valet skal gjennomførast som forholdstalsval, vil ein slik ekstra valomgang vere meir arbeids- og tidkrevande. Terskelen for å få inn ein kandidat vert også høgare i dette tilfellet – og derved vert moglegheitene for mindretalsrepresentasjon svekka.

*Vi føreslår at det i dei tilfella det berre er eit listeforslag vert valet gjennomført som kombinasjonsval.*

*Dersom det er fleire listeforslag, og derved forholdstalsval, vert valet gjennomført som direkteval av alle medlemmer.*

#### 2.2 Fleirtals- eller forholdstalsval, fristar for nominasjon og innlevering av listeforslag

I utgangspunktet vart det opna for å stille alternative listeframlegg for å få fram ulike syn som måtte finnast innanfor kyrkja. Kyrkjerådet har no utgreidd fleire alternativ

Postadresse:

Postboks 5

6771 NORDFJORDEID

Besøksadresse:

Eid kyrkjetun

Sjøgata 90

Telefon: 57 86 17 55

Telefax: 57 86 13 22

Mobil: 970 34 535

E-post: [kyrkjevevja@eid.kommune.no](mailto:kyrkjevevja@eid.kommune.no)

Web-side: [www.eid.kyrkja.no](http://www.eid.kyrkja.no)

Bankkonto: 3790.07.04403

Org.nr.: 976996631

der det vert teke til orde for både ekstra nominasjonsprosessar, ulike fristar for intensjon om å stille alternativ liste og ulike fristar for innlevering av listeforslag. Vi meiner at ein skal halde fast på intensjonen om å gje moglegheit for alternative lister – men ikkje gå så langt at det nærast vert eit krav at det skal stillast alternative lister. Då har «middelet blitt målet» og det er ikkje tenleg. Vi meiner vidare at dersom det skal stillast alternative lister så må desse ha eit klart mål – ikkje berre vere eit uttrykk for misnøye med kandidatane frå nominasjonskomiteen.

*Vi føreslår derfor at alle listeforslag skal ha same innleveringsfrist.*

### 2.3 Økonomisk tilskot til alternative listeforslag/grupperingar

Som ved alle andre val vert det også ved kyrkjeval avsett ei økonomisk ramme til gjennomføring av valet. På bakgrunn av denne ramma tildeler Kyrkjerådet m.a. tilskot til fellesrådsområda. Alle nye tiltak som får støtte må også finansierast innanfor ramma. I klartekst tyder dette at dersom nye grupper får tilskot så vil andre få tilsvarende mindre. Sokneråda har, som valstyre, plikt til å informere likeverdig om alle listeforslag. Vi kan derfor ikkje sjå at alternative lister/grupperingar har særskilte behov for midlar til informasjonstiltak. Marknadsføring av kandidatar og syn vert også særleg drive via sosiale media – og dette er gratis.

*Vi føreslår at dersom alternative grupperingar har særskilt trong for økonomisk støtte må dei søkje valstyret om dette.*

### 2.4 Tilleggsstemmer, stemmetillegg, strykingar, sperregrense, m.m.

*Her støttar vi forslaget om å vidareføre dagens ordning med å avgrense antall tilleggsstemmer til 3.*

*På bakgrunn av siste utviklinga i valreglane for kommune- og fylkestingsval føreslår vi at det vert opna for høve til å stryke kandidatar på listene. Dette bør også avgrensast til max. 3.*

*Vi støttar forslaget om ikkje å opne for førehandskummulering av kandidatar.*

*Vi støttar forslaget om ei sperregrense med krav om 8% personleg stemmetal*

*Vi meiner det skal takast inn i valreglane at det skal vere mogleg å avgje stemme i alle sokn i fellesrådsområdet på valdagen.*

### 3.2 Manntal, m.m.

*Vi støttar forslaget om skjeringsdato 30. juni for oppføring i manntalet*

*Vi støttar forslaget om medlemskapsstatus pr. 1. september som grunnlag for stemmerett.*

*Vi meiner at å pålegge bispedømeråda å utarbeide eige manntal for prestar og leke kyrkjeleg tilsette er unødvendig bruk av tid og ressursar. Desse opplysningane kan enkelt registrerast i det vanlege manntalet.*

Dei resterande punkta i forslaget frå Kyrkjerådet har vi ikkje særlege merknader til – med unntak av pkt.

## 7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga

Her er gjeldande rett at ved val av medlemmer i sokneråd og leke medlemmer i bispedømeråd og Kyrkjemøte er kravet at listeforslaga skal «ha minst 40% representasjon av begge kjønn» - medan det ved val av prestar og leke kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte berre er krav om at «begge kjønn skal vere representert» på listeforslaga. Kyrkjerådet føreslår at dette vert vidareført utan endring. Her er vi sterkt usamde med Kyrkjerådet og vil føreslå at reglane vert endra slik at :

*Listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte skal ha same krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemmer i sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte – dvs. minst 40% representasjon av kvart kjønn.*

*Kristen Hundeide(s)*  
-kyrkjeverje-